

# Låt o' Link

Nummer 1

januar 2007

Årgang 17

---



*Etter fem år i leiarstolen kan Oddrun kvile på laurbæra...Foto: Knut Aastad Bråten*

- *Oddrun takkar for seg*
- *Årskavalkade for 2006*
- *Rolandsgard tviheld på dei loslitne dressane sine*
- *Museumsdirektør mot straumen: intervju med Torveig Dahl*
- *Vil du bli kappleiksdommar? Tradisjonsseminar i Oslo*

# GODE LESAR AV LÅT O' LINK!

Det har vorte nokre timar av det. Ofte seine kveldstimar og natt. Det er god arbeidstid for ein frivillig organisasjonsarbeidar. Det vart 17–18 leiarartiklar i Låt o' Link òg. Ein går nokre rundar i tankegangane før ein finn tråden til desse helsingane, men det er mykje inspirasjon i å prøve å forme grunngeving for engasjement. Det har aldri mangla saker eller oppgåver for ein Vfl-leiar. Stundom lurer ein på om utbyttet er større for ein sjølv enn for organisasjonen. Ein lærer så utruleg mykje i dette vervet. Ein blir kjend med ein stor, entusiastisk flokk som handlar, tenkjer og formar vyar. Og jammen trengst det engasjement hjå mange. Ei sak er dei store aktivitetane, stemner, kurs og det jamne draget, men det handlar etter kvart om arbeidsplassar, om folkemusikk som profesjon, om PR for dalføret, folkemusikk som merkevare og om lokalpolitikk. Vfl bør vera eit viktig ledd i alt myldrande folkekulturliv.

Men eit styre må prioritere. Arbeidsprogrammet i 2002 inneheldt ti punkt, mot 21 punkt i 2006. Det ligg ikkje mykje prioritering i det når heile ambisjonslista blir vedteken på årsmøtet. Prioriteringane ser ein fyrst når årsmeldinga skal skrivast og resultatet skal leggjast fram. Men årsmeldinga blir fyldig, den.

Fjoråret vart eit arbeidsamt år med gjennomføring og etterarbeid i høve Landskappleiken. No er sluttstreken snart sett. Me veit at det vart ein suksess på innhald og teknisk gjennomføring, sjølv om økonomien ikkje blir noko å byggje aktivitet på. Med sluttstrek for LK, nye høgder for JH og Strunkeveko er styret i ei ny bylgje.

Det er lett å takke for seg når ein veit det er gode, entusiastiske folk som dreg Vfl vidare.

No må ein ny leiar få leggje nye vyar for ny framgang i organisasjonen. Det er godt at Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko har ivrige, sjølvgåande styre, sjølv om det alltid er ei utfordring for Vfl å tilpasse organisasjonen til stadig aukande ambisjonar.

Arbeidsprogrammet er pr. no under drøfting. Ei viktig oppgåve for styret framover vil eg tru blir å styrke grasrota. Lokallaga treng å bli styrkte. Musikkskuleelevane, komande folkemusikkgenerasjon, treng fleire møteplassar. Ressurspersonar treng meir inspirasjon for å halde ut som formidlarar. Fleire formidlarar må inspirerast fram på banen. ”Bygda dansar”-prosjektet er under oppseiling i Oppland i år, truleg med Valdres som sentrum, med ein valdris som prosjektleiar. Spanande utfordringar.

Runden i tankegangen vart kortare i kveld. Det vart mest å sjå rake vegen attende fem år. Eg er glad for å ha hatt tilliten til å styre laget desse åra! Det har gjeve lærdom og triveleg samarbeid. Det er verdiar eg er takksam for og som heldigvis ikkje kan kjøpast med mynt.

Eg ynskjer det nye styret lykke til!

Ein varm takk frå avtroppande leiar, Oddrun Hegge

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten  
Formgeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes. Opplag: 400  
Ta gjerne kontakt med redaksjonen! Tlf.: 990 37 584 – E-post: [aud.soyland@bbnett.no](mailto:aud.soyland@bbnett.no)

## **LOKALKAPPLEIK 2007**

I år er det Vårflaumen som er arrangør av lokalkappleiken for Valdres. Tid og stad er Skrautvål skule, laurdag 17. mars. Det blir tevling på dagtid, og premieutdeling og dansefest på kvelden.

Styret i Vårflaumen

## **UTDELING AV TORLEIV BOLSTAD MINNESTIPEND**

Styret for Minnefonda vil med dette oppmode lesarane om å koma med framlegg til kandidatar til årets folkemusikkpris, Torleiv Bolstad Minnestipend.

I statuttane står det at prisen skal delast ut til ein hardingfelespelar i Valdres i aldersgruppa mellom 15 og 25 år som syner evne og vilje til å gå inn for folkemusikken frå Valdres.

Prisen vart oppretta i 1991 av Kjellaug Bolstad, og er til minne om spelemannen og mannen hennar Kjellaug, Torleiv Bolstad. Prisen blir delt ut annakvart år under hovudkonserten på Jørn Hilme-stemnet.

Send framlegg til kandidatar skriftleg (e-post eller brev) innan 1. juli til leiar i styret for Minnefonda, Knut Aastad Bråten, 2900 Fagernes / e-post: [lauskar@hotmail.com](mailto:lauskar@hotmail.com).

## **KAREN MARIE GARTHUS NY LEIAR FOR JØRN HILME-STEMNET**

Karen Marie Garthus er ny leiar for Jørn Hilme-stemnet. Ho følgjer etter Ola N. Døvre, som har sete i vervet sidan 2004. Garthus var leiar for stemnet i åra 2000 til 2002, og har sjølv spela ei rolle i profesjonaliseringa av festivalorganisasjonen. Ho er cand.philol. i nordisk språk og litteratur og underviser til dagleg ved Valdres vidaregåande skule.

I 2006 hadde Jørn Hilme-stemnet ei omsetjing på vel 1,2 millionar kroner. I 2007 blir festivalen arrangert i tida 23.–29. juli.

### **FRIST FOR STOFF TIL LÅT O' LINK 2007**

**2/2007: 1. april**

**3/2007: 1. september**

**4/2007: 15. november**

Fristane for stoff til nr. 2–4 kan bli justerte noko, ut frå aktuelle hendingar. Bladet kjem til lesarane om lag ei veke etter stoff-fristen.

# ÅRSKAVALKADE 2006

## *Januar*

Ein veldig stille månad.....

## *Februar*

Kari Hauge, Lomen, blir tilsett som informasjonsmedarbeidar for Jørn Hilme-stemnet 1. februar.

## *Mars*

Årsmøte i Vfl fredag 24. mars på Leira. Oddrun Hegge held fram som leiar. Laurdag 25. mars er det lokalkappleik og runddansstemne på Åsvang i Vang.

## *April*

12. april er det påskefest på Onstادتunet i Volbu. Gunnar Gjevre og Gunvor Hegge blir nye æresmedlemmer i Øystre Slidre spel- og dansarlag. Valdres Folkemuseum og Valdres Folkemusikklag skipar til seminar om dokkedans helga 31. mars til 1. april.

## *Mai*

Helge Myrheim og Gro Randen gir ut cd-en "I laussnøe". Plateslepp laurdag 27. mai på Ål. Langeleikspelaren Ragna Brenno Frydenberg dør 31. mai, 100 år gamal.

## *Juni*

Plateslepp med plata "Sudan Dudan" av og med Marit Mattisgard og Anders Røine, 20. juni i Oslo. Storstilt landskappleik på Beitostølen. Kongepokal til Knut Aastad Bråten, Jan Beitohaugen Granli vinn hardingfeleklasse. Uminan: CD med unge utøvarar frå Valdres er ein av fleire deltakarpremiar på Landskappleiken.



*Pokalen i Krakaplassen*

## *Juli*

Henning Andersen kjem med si fyrste soloplate – "Underlege makter". Marit Mattisgard bidreg også. Strunkeveko 23.–28. juli på Leira, med glamourøs sjokoladekappleik og meisterframsyninga Riddarspranget. Jørn Hilme-stemnet helga etter gir nok eit løft til folkemusikken i dalen. Ola N. Døvre leier stemnet, godt hjelpt av dyktige nemndsleiarar og ikkje minst dagleg leiar Solveig Hårdnes. Haldor Røyne's Ærespris blir delt ut til Marit Mattisgard.

## **August**

Valdres Folkemusikkgruppe blir lagd ned 31. juli, etter 26 års innsats.

Ragnhild Hemsing mottok Øyvind Berghs minnepris fredag 11. august på Rudi Gard under Peer Gynt-stemnet.

26. august blir det arrangert minnekonsert etter Olav Viken og Olav Jørgen Hegge.

## **September**

2. september skipar Vfl til ein heidundrande takkefest etter Landskappleiken på Beito-stølen.

15. september døyr Ingvar Hegge.

29.–30. september, på Folkelarm i Oslo, blir Mattisgard og Røine nominerte i to klasser.

## **Oktober**

Hallgrim Hansegård dansar lauskar framom sfinxen i Egypt.

Tradisjonen tru, Yngretreff på Skrautvål skule 28. oktober.

## **November**

Finale i Kjempesjansen 18. november. Hemsing-systadn og Valkyrien Allstars er big stars i den direkte sende TV-sendinga.

## **Desember**

4. juledag mottok Knut og Berit Steinsrud kulturprisen for Øystre Slidre kommune.

Nyårsfest på Herangtunet. Omtrent 70 feststemte deltakarar trør taktfast inn i det nye året.



*Sølvjentene frå Kjempesjansen*

# OVER OG UT MED BUNADBRUKEN?

Kappleiksdeltakarane har tradisjonelt nytta bunad som anstendig plagg under tevlingane. Dagens unge deltakarar er kan hende ikkje like flinke til å nytte bunaden som gamlefolket. Er bunaden på veg ut?

Ikkje alle deltakarane har eit like sterkt behov for å ta på seg bunaden på kappleikane. Formaningar og oppmodingar frå eldre om å vise større respekt for nasjonalkleda og kappleiken ser heller ikkje ut til å hjelpe på dei venstreradikale dansarane. Er bunadbruken på veg ut, eller er det tid for å disiplinere og rette peikefinger til dei som ikkje gidd å pynte seg på tevlinga?

## *Loslitne brøker*

Det tok ikkje redaksjonen lang tid å finne ein av dei siste, nemleg Frode Rolandsgard. Den kjende øystreslidringen har ved fleire høve provosert kappleikspublikumet med dei gamle og loslitne dressane sine.

– Kvifor brukar du ikkje bunad på kappleik?

– Eg synest bunad er unaturleg på kappleik. Slik eg ser det, er bunad berre eit nasjonalromantisk plagg og har ingen ting på ei kappleiksscene å gjere. Bunaden er dessutan innført i nyare tid, sjå berre på eldre filmopptak frå 60- og 70-åra, seier Rolandsgard og syner til dei dresskledde dansarane den gongen. Dessutan er bruk av bunad med på å skape eit kunstig skilje mellom bygdedans og annan dans.

– Er dette ein stille protest mot dei folkekjære nasjonaldraktene våre, eller har du ein skjult agenda?

– Nei, eg synest bunader er flott, til sitt bruk.

– Trur du det tek lang tid før kappleikane er frie for bunader?

– Eg håpar ikkje det, avsluttar Rolandsgard.

## *Allroundar*

Tidlegare direktør i Bunad- og folkedraktrådet, Magny Karlberg, nyttar derimot bunaden som eit allround-plagg, til kappleik og konsert, som publikumar, kjøkemeister, til fredagsdansen i spelemannsstova og mykje meir. Karlberg har, i motsetnad til Rolandsgard, eit meir avslappa forhold til bunaden sin.

– Før var det vel ein måte å heidre utøvarane på. Musikken og bunadrørsla sprang mykje ut av dei same ideane og var soleis sterkt knytte til kvarandre. Eg ser kanskje ikkje på bunad som alle andre, eg ser på det som klede og brukar det til så mangt, seier Karlberg.

– Men bør ikkje kappleiksdeltakarane kle seg i bunad?

– Nei, folk må få kle seg som dei vil, eg vil ikkje drive sensur. Mange trur at dei ikkje er dagsaktuelle når dei har på seg klede frå ei anna tid. Eg ser ikkje noko stort poeng i dette. Eg synest det er triveleg å ha bunad i ulike samanhengar, det er ein måte å vise kor ein kjem frå, syne identitet – på same måte som musikken. Røtene er dei same, avsluttar Karlberg. Redaksjonen vil i neste nummer sjå nærmare på klesskikkane hjå norske småbrukarar i perioden 1930–1950.

# HURRA FOR STRUNKEVEKO (1998–2007)

Til sommaren blir det Strunkeveko for tiande gong, og Strunkeveko vil feire seg sjølv ei heil veke til endes. 10-årsjubileet skal ikkje gå strunkane forbi. I fargane gull, sylv og glitter blir Strunkeveko minst like glitrande i år som åra før. Strunkeveko 2007 i stikkordsform er: Jubileumskonsert i Kulturhuset på Fagernes, sjokoladekapleiken Mystikk og Magi, avslutningsframsyninga I Oletjedn i Olekinn, lærarkonsert, torsdagskonsert i Kulturhuset på Fagernes, fotballkamp, grilling, rebus, utflukt, bading, krullarkro, godkarstykke, dans på Slidrehuset.

Strunkeveko er med andre ord ein liten folkemusikkfestival for born og ungdom, men framleis er det opplæring i song, spel og dans som er kjernen i Strunkeveko. I 2007 kan deltakarane bli med på kurs i song, langeleik, fele, hardingfele, toradar og trekkspel, munnharpe, akrobatikk, dans med vekt på halling, arrangering av folkemusikk og folkedansteater. I tillegg skipar arrangørane til eit folkedansteater-kurs for vaksne.

## *Ti år i vekst*

Det var Frode Rolandsgard som i 1997 lanserte ideen om eit sommarkurs i folkemusikk og folkedans i Valdres, etter same mønster som sommarkurset på Mo i Sunnfjord. Frode fekk med seg Aud Søyland og etter kvart Ellen Persvold, og desse tre vart arkitektane for det som i dag er det største kurset i sitt slag i landet. Kursopplegget er mykje det same no som i 1997. Den gongen var det 68 deltakarar med. I 2006 var over 100 born og ungdomar samla på Valdres Folkehøgskule. Framleis får elevane gruppeundervisning og individuell undervisning slik som før, men konsert- og dansetilbodet har utvikla seg mykje dei siste åra.



*Tiårsjubileum med glitter og glamour*

### ***Strunkeveko 2007:***

- 22.–27. juli.
- For born og ungdom i alderen 11–20 år.
- Største kurset i sitt slag i Noreg.
- Kurs i langeleik, fele, hardingfele, song, dans med vekt på halling, akrobatikk, toradar/ trekkspel, munnharpe, folkedansteater og arrangering av folkemusikk.

Les meir om Strunkeveko på [www.strunkeveko.no](http://www.strunkeveko.no)



## Primstaven våren 2007

### JANUAR

Tysdag 23.1. kl. 20: Konsert på folkemusikkscena i Valdres, Fagerlund Hotell, med Jan Beitoaugen Granli og Aslak O. Brimi.

Måndag 29.1. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

### FEBRUAR

Fredag 2.2. kl. 20: Fredagsdans i Spelemannstogo, ØS

Sundag 11.2. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS

Måndag 12.2. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

Sundag 25.2. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS

Måndag 19.2. kl. 19.30–21.30: Årsmøte i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

Laurdag 24.2. kl. 19.30: Konsert og fest på Slidrehuset, Valdres Folkemuseum, Vårfl.

Måndag 26.2. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

### MARS

Fredag 2.3. kl. 19: Årsmøte og deretter fredagsdans med gjester Solveig Hårdnes og Kjetil Furulund i Spelemannstogo, ØS

Sundag 11.3. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS

Laurdag 17.3.: Lokalkappleik på Skrautvål skule. Arr: Vårfl.

Måndag 12.3. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

Torsdag 22.3. kl. 19.00: Årsmøte i Valdres Folkemusikklag på loftet, Valdres Folkemuseum

Sundag 25.3. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS

Måndag 26.3. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

### APRIL

Onsdag 4.4.: Påskefest med middag og konsert på Onstadtunet, gjesteartistar Marit Mattisgard og Anders Røine, ØS

Laurdag 14.4.: Yngretreff i Skrautvål, ØS og Vårfl.

Sundag 15.4. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS

Torsdag 19.4. kl. 20: Konsert på folkemusikkscena i Valdres, Fagerlund Hotell, med Den Store Norske Gitarkvartett.

Måndag 23.4. kl. 19.30–21.30: Øving i Blåsalen, Nordahl Bruns g. 22, ViO

Sundag 29.4. kl. 19: Sundagsdans i Spelemannstogo, ØS

## Valdreslaget i Oslo

har tur til Vangsjøen 2.–4. februar. Kontakt Elisabeth Bring, tlf. 22 13 79 64.

## Kurs og øvingar i Vårflaumen

Yngretreff blir på Skrautvål skule 14. april kl. 10. Påmelding til Gustav Berger, tlf. 61 36 38 01. Arrangør: Vårflaumen og Øystre Slidre spel- og dansarlag

### Fest på Slidrehuset!

24. februar blir det Fest på Slidrehuset laurdag 24. februar. Konsert med medlemmer i laget kl. 19.30. Runddansspel v/Ingrid og Audun Rogne, og springarlæte! Sal av øl frå Valdres Gardsbryggeri og pølser frå Coopen. Inngang kr 100, barn gratis.



## *Kurs og øvingar i Øystre Slidre spel- og dansarlag*

### **Toradar**

”Skarvemellin” held fram med toradarøvingar på Solhaug kvar tysdag 19.00–22.00.

### **Langeleik**

Samspeløvingar i Spelemannstogo siste tysdag i kvar månad kl. 19. Ansvarleg for øvingane er Gunvor Hegge. Øvingane får desse kveldane: 22.2., 22.3., 19.4., 25.5., 14.6.

### **Fele**

Kurs for nybyrjarar/ litt vidarekomne i vårsemestret med start måndag 12. februar kl. 19.30 i Spelemannstogo. Lærer Magne Olav Selland.

### **Munnharpe**

Munnharpespearane har tilbod om å spele heime hjå Rolf Karlberg året rundt.

### **Kurs dans**

Frå og med 11. feb. set vi i gang særskild dansekurs/øving for mindre røynde dansarar. Dette blir i forkant av sundagsdansen frå 19.00 og til om lag 19.30. Men alle kan vera med resten av kvelden også. Då kan ein lære enno meir.

### **Mehanken**

startar opp att laurdag 20. jan. kl. 11.00. Song og lefsebausepause for barn i alderen 4–8 år v/ Marit Mattisgard og Berit Selland på Herang-tunet.


### **Låt og leven**

for litt større barn på Midtre Hegge 8.2., 8.3., 12.4., 10.5., 7.6.

## **TRADISJONSSEMINAR I OSLO 23.–25. MARS**

Har du lyst til å prøve dommarbenken på neste kappleik? Nest siste helga i mars skipar LfS til tradisjonsseminar i Oslo. Dei tidlegare dommarkursa har hatt til føremål å skolere nye dommarar for framtidige kappleikar, og å auke bevisstheita kring folkemusikken og dansen. I år er det langeleik og kveding som er tema for tradisjonsseminaret. Målgruppa for seminara er unge vaksne og andre vaksne langeleikspelarar, kvedarar og andre interesserte. Fleire sentrale folkemusikarar frå Valdres deltek, sjølvst. Ingar Ranheim, Elisabeth Kværne og Oddrun Hegge vil hjelpe til med å svara på sentrale problemstillingar under seminaret. Ranheim vil mellom anna presentere ulike langeleiktradisjonar i Valdres.

Vart du nysgjerrig? Ring Landslaget for Spelemenn og meld deg på: tlf. 22 00 56 22 eller sjå [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no) for meir informasjon.



# Mjølkerampa

## *Lagdansen er ei framsyning*

Nokre vener av meg, som ikkje er ifrå Valdres, var med på Jørn Hilme-stemnet i fjor, og såg då lagdansen på utescena på museet. Dei opplevde lagdansen som "uryddig" fordi det var så få som hadde bunad.

Det som slo meg då, var at det er respektlaust og flautt å tilby ei så tilfeldig framsyning som lagdansen har vorte. Det som blir tilbydd, står heller ikkje i forhold til prisen på inngangsbilletten. For mange er kanskje nettopp lagdansen den største opplevinga for kvelden.

Vi som deltek, burde kanskje leggje meir vekt på at lagdansen er som ei framsyning. For opplevinga til dei fleste tilskodarane tel det mest at dansepara ser "ryddige" ut, og at det er nokolunde lik avstand imellom para. At det enkelt sagt ser bra ut! Sjølvne danseferdigheitene til kvar enkelt par tel mindre i denne samanhengen.

Dag Hamre

## *Takk til Oddrun Hegge*

Etter fleire år som leiar for Valdres Folkemusikklag kjem Oddrun Hegge til å trekke seg som leiar for organisasjonen på årsmøtet 22. mars. Redaksjonen vil i det høvet takke Hegge for den solide og grundige innsatsen ho har synt i ein av dei største og mest vitale regionlaga i landet. Hegge har utan tvil vore med på å ruste Vfl opp til ein mønsterorganisasjon i den norske folkemusikkfloraen, og med det brennande engasjementet sitt har ho vore eit viktig og sentralt ledd i vidareføringa og utviklinga av dei store oppgåvene i laget. Takk Oddrun!

Redaksjonen

## *Resultatet frå LK er klart*

Leiar for Vfl, Oddrun Hegge, fortel i ei pressemelding at underskotet frå Landskappleiken 2006 vart 71 520 kroner. Oddrun Hegge har i etterkant av kappleiken stått på for å redusere dei raude tala ytterlegare. Mellom anna har Hegge vore i dialog med reiselivet på Beitostølen ved Atle Hovi, som har lova å yte underskotsstøtte. Kor mykje denne summen blir, er førebels uviss.

## *Kvinnelege førebilete*

Kanskje saknar de fjerde episode i serien "På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres"? Serien er ikkje avslutta, men det viste seg å vera vanskelegare enn me trudde å få til ein artikkel om Karen Nordland frå Vang. Kanskje er det nokon som har lyst til å skrive om henne, eller om andre kvinnelege kjelder til folkemusikken i dalføret vårt? I mellomtida kan de lesa om Torveig Dahl, som absolutt er eit kvinneleg førebilete frå vår tid.

# FOLKEMUSIKKSCENA I VALDRES

I vår arrangerer folkemusikkscena to konsertar, med **Jan Beitoaugen Granli og Aslak O. Brimi** 23. januar og Den Store Norske Gitarkvartett torsdag 19. april.

Konsertane er på Fagerlund og startar klokka 20.00. Inngang er 100 kroner for vaksne og 70 kroner for skuleungdom.

## *Den Store Norske Gitarkvartett*

Tore Bruvoll, Øystein Sandbukt, Annar By og Vidar Skrede er alle gitaristar som har hatt det svært travelt som akkompagnatørar for folkemusikarar av mange slag dei siste åra. Men no har dei slått seg saman til ein "firarbande" som ynskjer å finne nye moglegheiter for gitaren i norsk folkemusikk. Gitaren i norsk folkemusikk har kome for å bli.

### **Tore Bruvoll**

er frilans folkemusikkgitarist, og spelar med mellom andre Sondre Bratland, Ragnhild Furebotten, Hekla stålstrenger, Majorstuen og Jon Anders Halvorsen i duoen Bruvoll/Halvorsen.

### **Øystein Sandbukt**

er fylkesmusikar og frilansar. Han spelar mellom anna med Laila Yrvum, Onkel Folke og Gro Kjelleberg Solli.

### **Annar By**

er musikar på heiltid, var med i oppsettinga "Tryllefløyta", og fekk folkelarmprisen som årets nykommar i 2006 for plata "Folk gitar & song".

### **Vidar Skrede**

studerer ved Noregs musikkhøgskole, og spelar mellom anna i Sver, Geitungen, Fant & Fente.

Gro og Solveig

## *Minneord Ingvar Hegge*



Ingvar Hegge gjekk burt den 15. oktober i 2006, 89 år gamal. Ingvar var så levande heilt til det siste, og han er djupt sakna av alle generasjonar. Songgleda, iveren etter å fortelja og det gode humøret smitta over på alle som trefte han. Han var raus og liberal, han stivna aldri i tankemåten, og han var alltid ein verdifull samtalepartnar.

Ingvar Hegge var fødd på Sørre Hegge i Øystre Slidre 8. januar 1917 som den yngste av fem sysken. Oppveksten hans var grundig krydra med song, spel og gode historier. Ingvar var beskjeden, men hadde likevel ei heilt spesiell varm og naturleg scenisk utstråling. Særleg frå slutten av 70-talet og framover vart Ingvar ein aktiv vidareformidlar og fortolkar av den rike songtradisjonen etter mora Guri og andre songarar og spelemenn blant slekt og grannar. Mykje av songmaterialet hans Ingvar er å finne på "Lea de", CD-en han gav ut i 2000.

Ingvar arbeidde òg som langeleikmakar ved sida av tømringarbeidet, gardsarbeidet og smiinga. Han sat inne med store dialekt- og historiekunnskapar og skreiv opp igjennom åra mange fine artiklar i Årbok for Valdres. Ingvar fekk 45 fine år med si kjære Anna, og dei fekk barna Gunvor, Kari og Oddrun, som alle fører arven vidare.

Takk for alt du delte med oss.

Marit Mattisgard

## Minneord om Hallvard Kvåle



5. januar vart Hallvard Kvåle bisett frå Haslum i Bærum, der vossingen hadde budd mesteparten av livet sitt. Eit fullsett kapell med familie, spelemenn og vener tok avskil med ein mann som har sett varige spor etter seg i norsk musikkliv. Bærum spelemannslag, med nær 40 hardingfeler, spelte Sør-Aurdalsmarsjen, og prestens minneord vart fletta saman med musikk frå musikkvener gjennom eit langt liv i musikkens teneste.

Gjennom kona Tone, med slektsband til Etne-dal, kjende Hallvard seg nær knytt til Valdres. Det var her han og Tone fyrste gong stoppa og lytta til den såre tonen frå heiloa, som så gav både logo og musikalsk stempel til alle dei 150 plateproduksjonane hans på Heilo, plateselskapet han starta på 1970-talet.

Tradisjonelt har det vore sterke band mellom folkemusikken på Voss, der Hallvard voks opp, og

Valdres. Dette var nok med på å utvikle Hallvard sin sans for musikken i Valdres. Den fyrste produksjonen var "Vårflaumen", som kom i 1981. Så følgde "På langeleik" i 1985, som innkasserte to spelemannsprisar: Det var dette året Hallvard i tillegg til pris for plateproduksjonen fekk bransjeprisen.

Frå Valdres kom etter kvart "Gofalåtten" med Andris Dahle, "Ulrik" med Håkon Asheim, "Levande langeleik" med systrene Hegge og Steinsrud, "Danselæte frå Valdres" med fleire spelemenn og "Munnharpa" med m.a. Erik Røine, før Heilo-etiketten vart teken opp i Grappa musikkforlag. Også den klassiske innspelninga "Feletona' oppunde Bitihødn" med Torleiv Bolstad vart gjeven ut på nytt i Heilo-katalogen.

Åtte nominasjonar til Spelemannsprisen kunne noterast for dei 150 produksjonane i plateselskapet Heilo.

Hallvard fekk heidersprisen frå Rådet for folkemusikk og folkedans i 2002, Selstreffprisen, og no seinast Bjellesauprisen hausten 2006.

Den eineståande innsatsen hans for norsk folkeleg musikk handlar om innsikt i musikkbransjen der han jobba frå han var 30 år. Han var jazzmusikaren som konverterte til tradisjonsmusikken og hadde Myllarguten og Miles Davids som ideala sine.

Hallvard var ein flittig brukar av instrumentmakarverkstaden på Valdres Folkemuseum, og sette stor pris på fagkunna han fann der. Han sende dei unge disiplane sine frå Bærum til Strunkeveko. Det var der Ola Hilmen trefte Tuva og Erik, og soleis vart dei etter kvart suksessgruppa Valkyrien Allstars. Framgangen og det breie publikumet deira var noko av det som gledde Hallvard aller mest.

Ingen kan ta Hallvard sin plass, men vi kan alle syne vår takksemnd for alt han gjorde for å få folkemusikken han elska, ut til folk flest. Det gjer vi best ved å spela, synge, danse og dele gode musikkopplevingar med einannan og glede oss over alle den gode musikken som Hallvard produserte og gav ut!

Ein bauta i tonar over ein raus og gåverik ven!

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torbjørn Langødegård ved vårt felles salgskontor på Fagernes



## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendomar
- Motorsykel / moped
- Reiseforsikring
- Verdigjenstandar

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes

## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vårt felles salgskontor på Fagernes



**Etnedal Sparebank** – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
**Vang Sparebank** – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
**Vestre Slidre Sparebank** – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
**Øystre Slidre Sparebank** – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
**Salgskontor Fagernes** – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

## KULTURPRIS TIL BERIT OG KNUT

Fjerde dag jul, under den årlege romjulsconcerten, vart kulturprisen for Øystre Slidre tildelt Berit og Knut Steinsrud. «Har ikkje dei fått han før, då?» var det mange som lurte på. Begge har representert Øystre Slidre med dansen sin sidan 1940-talet. Dei har gått heilt til topps på Landskappleiken, og dei har halde kurs i valdressspringar både innanlands og utanlands.

Berit har dessutan halde ved like gammal bakstetradisjon. Ho har stilt opp som bakstedeie på museet når det har vore naturleg. Ho har kursa folk og halde mange familiar her i bygda med lefse til jul.

På Mjagleplassen har Knut lafta hus og hytter. Mange har lært denne teknikken av han. Etter at han overlet denne arbeidsplassen til yngre krefter, har han hatt mange timar ute i verkstaden sin heime. Der har han m.a. laga nydelege bord som du ikkje finn maken til i nokon møbelbutikkar. Prisvinnarane trivst i lag med folk; ikkje minst med ungdommen. Dei stiller opp når det er dans på bygdatunet, seinast no på nyttårsfesten. Dei veit å støtte og inspirere alle i miljøet rundt seg.

Dei er ikkje så mykje på golvet lenger, men kosar seg med å sjå på og høyre felelæte. Ikkje desto mindre stilte Knut opp på lagdansen på Landskappleiken også i år. Og den heldige som fekk danse med han, det var eg!

Gratulerer med prisen, Berit og Knut!

Marit Hansegård



*Verdige kulturprisvinnarar: Knut og Berit Steinsrud. Foto: Knut Aastad Bråten*

# TORVEIG DAHL – DANSEGLAD DIREKTØR FOR VALDRESMUSEA AS

Ny kvinne har funne seg til rette i direktørstolen for Valdresmusea AS. Torveig Dahl heiter dama. Lær deg namnet fyrst som sist. Dahl kjem frå stilinga som spesialrådgjevar for Mjøsmuseet. Ho har erfaring frå fleire museum og kulturinstitusjonar i landet, mellom anna som direktør på Toten Økomuseum. Det er ei kvant og frisk dame som no tek til på museet på Fagernes. På mange måtar ei kjerringa mot straumen, som vågar å seie meiningane sine og som vil gjera norske museum til premissleverandørar i samfunnsdebattane.



*Ny direktør gjekk inn porten til Valdres Folkemuseum 2. januar 2007. Foto: Tor Harald Skogheim*

– Men eg har ikkje staka ut nokon programprofil enno, korkje for meg eller museet. Eg vil bli betre kjend med både museet, dei tilsette og staden fyrst.

Men ein ting er sikkert, Torveig kjem til å danse valdresspringar dei neste åra.

## Stildansar

Torveig var tilsett som handverkar på Valdres Folkemuseum på 1980-talet. Då lærte ho seg mellom anna valdresspringar, men det spørts om ikkje Dahl er stødigare i kontradans, til dømes fandango. Eldsjela Torveig stifta i si tid ei kontradansgruppe på Toten. Dette var opphavleg dansen til dei kondisjonerte, seier ho.


– Men eg er glad i folkedans også, skyt ho inn. – Eg har dansa songdans, og eg kjenner godt til museet si satsing på folkedans og musikkinstrument. Me er forresten i gang med ei omfattande kartlegging av gamle musikkinstrument i Valdres no. Elisabeth på arkivet og Knut på instrumentmakarverkstaden gjer ein god jobb her, og eg har hatt fine samtalar med dei.

## Allsidig utdanning

Dahl har ei allsidig utdanning, med både praktiske og teoretiske fag. Ho har sveinebrev som møbelsnikkar, og ho har universitetsutdanning med sosialantropologi, kulturanthropologi og historie i fagkrinsen. For tida held ho på med mastergrad i leiing.

Velkomen til Valdres, Torveig Dahl.

# B



## Nyttige namn og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begnaljom spel- og dansarlag	Trygve Bolstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Etmedal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Samnerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvelven spel- og dansarlag	Kart Hagaseih	61 36 82 27 (p)	988 57 553	hagaseih_yang@hotmail.com
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
Vestre Slidre spel- og danselag	Randi Før	61 34 42 10	915 77 695	randifoer@online.no
Vårflaumen spel- og dansarlag	Gunnar Kværne Amundsen		971 85 725	hjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Magny Smedsrud Karlberg	61 34 24 48 (p)	905 92 240	magny.k@online.no
Valdres Folkemusikklag	Oddrun Hegge	61 36 56 52 (p)	971 76 868	audubr@online.no
Strunkeveko	Ole Aastad Bråten		907 63 635	aastadguten@hotmail.com
Vallag i tradisjonsdans	Stian Roland		907 22 690	rolandstian@hotmail.com
VH og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Gro Arneng	61 36 46 71 (a)	994 48 486	leiar@strunkeveko.no
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
LIS	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)	995 22 538	randi.skeie@folkemusikk.com
LIS, dagleg leiar	Magnar Sundt	22 42 45 30 (a)	950 85 647	lfs@folkemusikk.no

RETURADRESSE:

16 VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES